

## Forslag til ny forskrift:

### § 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å fastsetja ein eigen frist for spreiiing av husdyrgjødsel tilpassa dei lokale tilhøva i kommunen innafor vilkåra i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. § 23. Forskrifta skal sikra at gjødselvarene, jf. intensjonane i nasjonal gjødselvareforskrift, vert nytta best mogeleg til planteproduksjon, utan at det fører til ureining.

### § 2 .Virkeområde

Forskrifta omhandlar alt jordbruksareal i Luster kommune godkjent for spreiiing av gjødselvarer mv. av organisk opphav.

### § 3. Spreietidspunkt

I perioden frå 1. november til og med 15. februar er det ikkje høve til å spreia gjødselvarer av organisk opphav. Det er ikkje på noko tidspunkt høve til å spreia gjødselvarer av organisk opphav på snødekt eller frosen mark. Spreiing utan nedmolding på eng og anna mark bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det gjev næring til gjenvekst som kan haustast, og seinast innan 20. september. Unntaket her er jordbruksareal i tilknytning til vassdrag med stor eller middels påverkingsgrad frå jordbruk, eller jordbruksareal i tilknytning til vassdrag med stor risiko for redusert vasskvalitet, eller på særskilt område som kommunen fastset. For desse areala gjeld siste spreiedato 1. september, og det er heller ikkje høve til nedmolding etter 1. september.

### § 4. Spreiereglar

For all spreiiing av gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling på eng, etter 1. september, gjeld at ein maksimalt kan spreia 2 m<sup>3</sup> pr. dekar, og at ein mot vatn, elv, bekkar, kanalar og opne kummar set att ei sone på minst 6 meter som ikkje vert gjødsla. Ved lagring, uttransport og spreiiing skal det utvisast aktsemd når det gjeld vêrtilhøve (t.d. mykje regn og vassmetting av jorda), jordsmonn (t.d. myr og jord med lita evne til å binda næringsemne bør unngåast), flaumrisiko samt klima (der vekstsesongen er vurdert som avslutta skal det ikkje gjødslast). Typisk flaumutsett areal skal ikkje gjødslast etter 1. september.

### § 5. Delegering

Rådmannen vert delegert mynde til å gjere vedtak knytt til denne forskrifta.

### § 6. Klage

Vedtak gjort av kommunen etter forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav kan påklagast til statsforvaltaren.

### § 7. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato. Samstundes vert gamal Forskrift om frist for spreiiing av gjødselvarer av organisk opphav, Luster kommune, Sogn og Fjordane FOR-2007-06-21-766 oppheva.